

Lauritz Eide,  
Vallandsåsen 1,  
5600 Norheimsund.

12. 11.2014

HORDALAND FYLKESKOMMUNE  
REGIONALAVDELINGA  
Klima- og naturressursseksjonen - REG AVD E-post [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

### **UREINING I EIDESVÅGEN, BØMLO KOMMUNE.**

Eg har nokre spørsmål/kommentar i samband med interpellasjonen frå MDG v. Tom Sverre Tomren, sak dato: 01.09.2014 Arkivsak: 2014/20362-2 Saksbehandlar: endkors Vedlagt link ligg på fylkeskommunen si nettside.

<http://einsnyn.hfk.no/einsnyn/Utvalgsbehandling>ShowUtvalgBehandlingDocument/2404/SaksFremlegg>

REGIONALAVDELINGA  
Klima- og naturressursseksjonen - REG AVD

Notat

Dato: 01.09.2014

Arkivsak: 2014/20362-2

Saksbehandlar: endkors

Til: Komiteleiar, Anne Beth Njærheim

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på interpellasjon frå Miljøpartiet De Grønne om ureining av Eidesvågen i Bømlo kommune

Tom Sverre Tomren vidaresende den 15.08.2014 e-postar frå Lauritz Eide og Vetle Karlsen Eide som gjeld ureining av Eidesvågen i Bømlo kommune. Tomren ynskjer å ta opp saka på neste møte i Kure, og spør om følgjande:

Kva ansvar og handlingsmuligheter har fylkeskommunen i ei sak som dette ?

Er komiteleiar kjent med problemstillinga ?

Kva har ho i så fall gjort i saka, og kva tenkjer ho å gjere ?

#### **Svar**

Fylkeskommunen har ansvar for tildelingsforskriftene etter Akvakulturlova. For å få eit løyve etter akvakulturlova er det eit ufråvikeleg krav om at ein må ha eit løyve etter forureiningslova. Løyve etter forureiningslova vert gjeve av fylkesmannen. Det er og fylkesmannen som fører tilsyn med verksemder som har utsleppsløyve.

Dokumenta i denne saka er send fylkesmannen som rette vedkomande. Fylkesmannen opplyser at dei er kjent med klagen. Med bakgrunn i klage har det vore tilsyn på settefiskanlegget. I tilsynsrapporten står følgjande:

«Fylkesmannen har mottatt klage frå nabo. (1) Denne klagen har Eidesvik settefisk ikkje fått skriftleg, men har kjennskap til vedkomande klagar då han ved fleire høve har ført klagene fram i media. Klage går på forureining i Eidesvika. Fylkesmannen hadde synfaring under tilsynet. (2) På det tidspunktet var det ikkje råd å sjå at utslepp frå settefiskanlegget kom inn i vika. Området er grunt og mudrete, noko som tyder på därleg vassutskifting sjølv om det ligg nær ope hav. Det kunne ikkje observerast avsetning av organisk materiale i strandsona, men på sjøbotnen var det eit kvitt lag som ikkje kunne identifiserast (foto). (3) Inst i vika hadde det blitt mudra, men vi veit ikkje når dette vart gjort. Fylkesmannen avventar rapporten frå resipientgranskinga før det blir teke avgjerd om trong for vidare undersøkingar eller oppfølging i Eidesvika.»

(4) I etterkant av tilsynet har vorte gjennomført resipientgransking ved utsleppspunktet frå settefiskanlegget. Utsleppspunktet frå settefiskanlegget ligg utafor Eidesvågen, og det er ikkje utifrå resipientgranskinga råd å seie om utsleppet har påverknad på tilhøva inne i Eidesvågen. Miljøforholda ved utsleppspunktet og utover var tilfredstillande.

« ... »

Eg kan opplysa at eg ved 3 høve i 2010 hadde kontakt med Magne Eidesvik ved Eidesvik Settefiskanlegg og snakka med han om ureininga i vågen. Men det kom ikkje noko ut av dei samtalane. Eg hadde og kontakt med representantar for BVA ang. den nye kloakken i vågen, og var spesielt bekymra for det giftig gråvatn som kom ut midt i fiskeplassen i vågen. Men det første heller ikkje til noko resultat. Difor skreiv eg til Fylkesmannen i Hordaland. (jfr. artikkel og link i BT den 06.juli 2012 om giftig innhald frå gråvatn)

[http://mobil.bt.no/nyheter/lokalt/Cruiseskip-la-roykteppe-over-byen-2732114.html#.T\\_dFbSdhic0](http://mobil.bt.no/nyheter/lokalt/Cruiseskip-la-roykteppe-over-byen-2732114.html#.T_dFbSdhic0)

## MERKNADER

1. Denne klagen har Eidesvik settefisk ikkje fått skriftleg, men har kjennskap til vedkomande klagar då han ved fleire høve har ført klagene fram i media.

**Kommentar:** Min klage var kunn sendt til Fylkesmannen i Hordaland som rette instans, e-post datert 31.07.2012 .- då han «ved fleire høve har ført klagene fram i media.».

Dette bør dokumenterast – kva tid har Lauritz Eide gått til media, og i tilfelle kva for media. Eg krev svar på denne påstanden.

Haugesunds Avis hadde ein artikkel om saka med bakgrunn i mitt brev (funne i postlista hjå Fylkesmannen). Men denne artikkelen er skriven av journalist Kari Stautland – ein artikkel som eg på ingen måte stiller meg bak. Dette har eg og gjeve henne melding om.

2. (2) På det tidspunktet var det ikkje råd å sjå at utslepp frå settefiskanlegget kom inn i vika.

**Kommentar:**

Det er her viktig å veta kva tid settefiskanlegget er i produksjon av større fisk, og når det vert produsert rogn og småfisk. Etter det eg kjenner til, vert den store smolten levert første veka i september. Vågen får altså den største belastning av avfall frå anlegget fram til den store smolten vert levert. Difor vert vågen mørk og stygg i fargen med ei lukt som alle med normal luktesans reagera på – i tida juni – september, altså i fellesferien, den finaste tida i året. Slik har det vore dei siste åra fram til midten av sept. i 2014 då fisken vart levert. Etter det vart vatnet «reint» å sjå til.

Eg legg ved fotonr.LAEI1209BØMLO datert 27.08.2014 som viser korleis vågen såg ut i lange tider i sumar.

**Mitt spørsmål vert då: Aksepterer Fylkesmannen/Fylkeskommunen/ansvarlege politikarar/miljøvernarár at standarden på utslepp frå settefiskanlegget skal vera slik i sumartida? Må me om lag 30 grunneigarar (+ andre tilreisande) innerst i vågen måtta leva med at vågen skal vera slik for framtida? Dette bør rette instans kunna svara på. Er laksenæringa sjølv tent med ein slik miljøstandard?**

3. (3) *Inst i vika hadde det blitt mudra, men vi veit ikkje når dette vart gjort.*

**Kommentar:** Kva er hensikta med å trekkja fram **mudring som ein del av problemet når ikkje tidspunkt, omfang eller info-kjelda er kjent/dokumentert?** Kva har dette då med saka å gjera? Dersom mudring kunne vera eit viktig punkt, burde det føreliggja nødvendige dokumenterte data frå ansvarleg hald. Utan er dette meir til å villeia enn til å klargjering. Men – kanskje mudring ville hjelpe på vassutskiftinga i vågen?

4. «og *det er ikkje utifrå resipientgranskings råd å seie om utsleppet har påverknad på tilhøva inne i Eidesvågen. Miljøforholda ved utsleppspunktet og utover var tilfredstillande».*

**Kommentar:** Hensikta med ei resipientgransking var vel nettopp å finna ut årsak til ureininga. Det vart ikkje gjort Difor må rette instans no setja fokus på akkurat dette. Den 15.02.2013 fekk eg denne rapporten frå Fylkesmannen – **RAPPORT nr. 902-2012:**

Hei

Vi har fått resipientundersøkelsen fra Resipientanalyse fra Eidesvik, den ligger vedlagt denne e-posten.

Rapporten tar egentlig bare for seg tilstanden fra utløpspunktet for ledningen og videre utover. Resipienten som helhet er ikke berørt, mens vi ser at bunndyrssamfunnet like ved utslipspunktet er berørt. Det er ganske enkelt normalsituasjonen.

Dessverre tar rapporten ikke for seg forholdene inne i Eidesvågen. Det er jo i grunnen litt skuffende tatt i betraktning at den problemstillingen ar oppe før resipientundersøkelsen ble gjennomført. Slik sett er vi ikke blitt særlig klokere. At resipienten ut mot havet ikke er særlig påvirket av utslippet fra settefiskanlegget er som forventet. I etterpåklokskapens ånd kan man kanskje påpeke at Fylkesmannen burde gitt et mer entydig pålegg til konsulenten. Vi tar det med som en erfaring og økt kunnskap.

Vi kommer til å gi tilbakemelding til oppdretter om hva denne rapporten sier oss. Vi må også vurdere om det skal gis pålegg om videre undersøkelser i Eidesvågen og vurdering av mulige miljøpåvirkninger der. Utslipp fra settefiskanlegget (vann som blir før inn i vågen med tidevannstrømmen), kloakkutslipp, gravevirksomhet osv.

Mvh

Tom N. Pedersen


Seniorrådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland

Miljøvern- og klimaavdelinga

Tlf.: 5557 2119

[www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland)



Feltarbeidet for denne granskinga er datert 27.04.2012, men på kartet står det 07.06. 2011. Kva betyr det?

**Dette var eigentleg ei grei tilbake-melding frå Fylkesmannen synest eg.**

Men – har det skjedd noko i ettertid. Er det føreteke noko meir gransking frå ansvarleg instans når tydelegvis den nemnde rapporten ikkje var det Fylkesmannen var ute etter?

For min del kjenner eg ikkje til om det har skjedd noko meir av gransking i vågen. Eg veit berre at **Eidesvågen var grumset, misfarga, og illeluktande heile sumaren 2014.**

*Kartet viser kor feltprøvane vart tekne – pkt 2 og 3 ligg langt utanfor det området saka gjeld.*

Så har eg og fleire registrert at **AMUNDSEN DIVING** (båt med avansert utstyr for undervass-gransking) låg ankra opp ein heil dag den 16.10.2014 ved utløpet frå settefiskanlegget (innanfor moloen i Eidesvik – pkt. nr 1 på kartet, raudfarga). Dessutan at det same dag vart pumpa opp slam? frå kumme nedanfor settefiskanlegget i elveutløpet og køyrt bort med traktor m. stor tank.

**Mitt spørsmål er:** Har dette noko med ev. ny resipientgransking å gjera. Er dette ei kjent tilfelle for Fylkesmannen/Fylkeskommunen, og er det skrive nokon rapport om tilfellet? Ting tyda på at noko har skjedd, og at det gjeld vår sak.

## KONKLUSJON:

- Eg ber om svar på ovannemnde spørsmål.
- Sakshandsaminga for ettertida må verta mykje meir presis - dokumentert.
- Kjelder for opplysningar/uttalar må gjevast opp. Utan vil verdien og tilliten til sakshandsaminga verta svekka, kan mistydst, og vanskeleg å kommentera.
- Demokratiet må fungera slik at alle bør kunna ta opp saker som dei brenn for utan frykt, og utan å verta mistenkt for å vera vanskeleg, og at det vert sett fokus på sak og ikkje på person eller ting som ikkje har med saka å gjera.
- Denne saka har generell interesse – ikkje berre for Eidesvågen. Difor er det viktig at alle relevante data kjem fram i lyset.
- Kva vil no skje vidare?.

Mvh

Lauritz Eide

**NB** – Det er fint at MDG v. Tom Sverre Tomren tar opp, og **set fokus på lokale ureining-saker**. Dei fleste politiske parti er ivrige «miljøkjemparar» når sakene dreiar seg om det globale miljø som er så langt borte at det stort sett berre vert ord utan plikter. Det er meir krevjande når ein må stå ansikt til ansikt med «syndrar» og å gjera upopulære vedtak – med andre ord å gjera det som ein meinar er rett der natur og miljø og etikk er plattforma, og ikkje nødvendigvis gjera det som er lett. Men då er det serdeles viktig å få på plass relevante fakta, heilskap og sanninga ved saka, og der har me alle eit stort og viktig ansvar.

Kopi til: Fylkesmannen i Hordaland. E-post: [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no)

MDG v. Tom Sverre Tomren. E-post: [tom.sverre@mdg.no](mailto:tom.sverre@mdg.no)

Vedlegg: Foto LAEI1209BØMLO datert 27.08.2014.